
Fra: Bjørnar Kvamme <bkvamme@gmail.com>
Sendt: 25. mai 2014 08:08
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyringsuttale fiberbreiband utbygging

Grunna kort avstand til Mongstad har feltet sett stor utbygging dei siste åra, og dei fleste tilflyttande har vore unge folk - dei som kanskje best veit å nytte seg av eit bedre breibandstilbod. Per i dag er me er avhengig av radiosendarar for å få internetttilgong. Internett levert over radioutstyr kostar meir og har mindre båndbredde enn vanlege bakkenett-løysingar. Dette gjer at feltet er noko mindre attraktivt for nye, unge huskjøparar. Eg kjenner personleg til 2 huskjøparar som valde å busette seg andre stader i Nordhordland - tunga på vektskål var sagt å vera det dårlige breibandstilboden.

Fiberkablane som går til Mongstad passerar feltet på Risasjøen med omlag ein kilometers avstand, noko som burde minke kostnadane ved ei utbygging ned til feltet.

Eg ber om at Risasjøen vert vurdert som prioritert område for utbygging av fiberbreiband - både grunna det dårlige nett-tilbodet som er her frå før, og for å oppretthalde veksten me har sett i feltet dei siste åra.

Mvh,
Bjørnar Kvamme